

Adresseliste

Vår ref:
2018/204711/2018/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
SASA / 47463218
sander.saelthun@lom.kommune.no

Dato
09.02.2018

Høyring: Endring av forskrift om minsteareal for elg, hjort og rådyr i Lom kommune

Lom vilt- og innlandsfiskeremnd har i møte 29.01.2018 sett fram forslag om reduksjon av minstearealet for hjort frå 3.000 til 2.000 dekar. Bakgrunnen for framlegget er søknad frå Bøverdalen viltområde om redusert minsteareal for hjort, brev frå Lom Bonde- og Småbrukarlag 13.11.2017 og frå Lom bondelag 23.01.2018 med oppmoding om auka avskyting for hjortevilt på bakgrunn av store viltskader på innmarka og på fôrlager.

Forskrift om minsteareal i Lom kommune vart sist endra ved vedtak i vilt- og innlandsfiskeremnda 26.04.2012, da vart minsteareal for hjort sett til 3.000 dekar, 3.000 dekar for rådyr og 5.000 dekar for elg. Ved ein feil vart ikkje det som gjeld Lom kommune i felles forskrift om minsteareal for Oppland fylke frå 2001 oppheva i 2012, dette må gjerast i ny forskrift.

Vilt- og innlandsfiskeremnda si grunngeving for framlegget er at minsteareala for jakt på hjort i Lom kommune bør justerast slik at dei står i forhold til den faktiske bestandsstorleiken og -utviklinga, og at ein slik unngår permanent bruk av 50%-regelen i § 7 i forskrifta. Det har vore ein markert auke i både bestand og avskyting av hjort i kommunen dei siste åra - frå 2015 til 2017 har årleg avskyting av hjort auka frå 84 til 105 dyr (medrekna to jaktfelt i Vågå). Under jakta 2017 var fellingsprosenten for hjort så høg som 93 %. Skade på innmark/ avling har auka vesentleg, også talet på hjortepåkjørsler i området har auka.

Vilt- og innlandsfiskeremnda legg derfor fram til offentleg ettersyn forslag til ny **Forskrift om minsteareal for elg, hjort og rådyrjakt i Lom kommune** med følgjande ordlyd:

§ 1. Det er høve til å drive jakt etter elg, hjort og rådyr i Lom kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 2000 daa.

Postadresse
Sognefjellsvegen 6
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.no

Besøksadresse
Midtgard

www.lom.kommune.no

Telefon
61217300

Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677

§ 3. Minsteareal for godkjenning av rådyrvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for rådyr er 3000 daa.

§ 4. Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 5 000 daa

§ 5. Forskrifta trer i kraft straks. Samstundes opphevast det som gjeld Lom kommune i forskrift 29. mai 2001 nr. 605 om adgang til jakt etter elg, hjort, rådyr og bever, Lillehammer, Gjøvik, Dovre, Lom, Vågå, Øyer, Gausdal, Østre Toten, Jevnaker, Lunner, Gran, Nordre Land, Etnedal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang kommuner, Oppland.

Fastsett av vilt- og innlandsfiskeremnda i Lom kommune den xx.xx.2018 med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift av 1. august 2016 nr.12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

Offentleg ettersyn og høyring av framlegg til forskrift blir kunngjort gjennom annonse i Fjuken og på Lom kommune si heimeside. Høyringsframlegget blir sendt til storviltvalda i kommunen, fjellstyret i Lom, Lom bondelag, Lom bonde- og småbrukarlag, Vågå kommune og Oppland Fylkeskommune. I tillegg vil høyringsforslaget bli lagt ut i ekspedisjonen på Midtgard og på Lom Folkebibliotek. Frist for høyringsuttale blir sett til **05.03.2018**.

Med helsing



Sander Sælthun

Adresseliste:

Bøverdalen viltområde v/ Per Arne Vole
 - kopi til sekretær Odd Repp
 Skaihø viltområde v/ Hans Blakar
 - kopi til sekretær Knut Øyjordet
 Vårdalen grunneigarlag v/ Ragnar Hesthagen
 Vårdalen utmarkslag v/ Pål Sve Bjørndal
 Graffer-Kjæstad grunneigarlag v/ Hans Martin Graffer
 Meadalen grunneigarlag v/ Svein Rusten
 Lom fjellstyre v/ Odd Repp
 Lom Bonde- og Småbrukarlag v/ Lars Eivind Sulheim
 Lom bondelag v/ Hans Martin Graffer
 Vågå kommune
 Oppland fylkeskommune